

Referat fra FAU-møte tirsdag 29.04. kl 19.30

Tilstede; Selma, Trine, Veronica, Edmund, Solveig, Ida.

1. Orientering om elevpermisjonar

Skjema for å söke om permisjon kan ein finna på heimesida til Myking Skule. I det nye skrivet har dei tatt hensyn til dei kommentarane vi hadde, mellom anna at ein ikkje skal sjå på elevens faglige prestasjoner når en avgjer söknaden og at det er mulig å få innvilga opptil to veker permisjon sjølv om dette skulle komme opp mot andre fridagar som f.eks påske.

2. Godkjenning av nytt kjøreløyveformular.

Det kom forslag om å endra dette slik at ein må gje godkjenning ved byrjinga av kvart skuleår og at dette løyve då gjeld for heile skuleåret i staden for eit nytt løyve for kvar tur slik det er i dag. FAU godkjente det nye formularet.

3. Godkjenning av skulen sin oppsummering av Cafekvelden 2013

Det var på høstens foreldremøte at ein hadde lekser på tema. Lærarane har i ettermiddag satt ned ei plangruppa og jobba med synspunkta som kom fram på dette foreldremøtet. Me har fått ei oppsummering der det bl.a kjem fram at leksene skal være målretta og at dei har satt opp tidsrammer for leksene alt etter kva klassetrinn ein går i. Dersom det viser seg at leksene er vanskelige og at ein ikkje får gjort dette i løpet av tidsramma som er førespeglia må ein ta kontakt med kontaktlæraren for å gå gjennom/finna ei løysing.

Dette vil bli presentert på det store foreldremøte i juni. Oppsummeringa kan presisere nærmere kva dei meiner om tidsbruken på leksene. Er dette ei maksgrønse som dei skal bruke, gjeld dette pr dag/pr veka? Og kva med dei som bruker lengre tid på leksene? Kanskje det bør fokuseres meir på studieteknikk/effektiv leksejobbing?

4. Gjennomgang av söknad fra elevrådet ang innkjøp av sparkesykler.

Elevrådet har levert ein flott söknad der dei ønskjer at me kjøper to sparkesykler til rundt 2500kr kvar. FAU går inn for å kjøpe desse til elevane.

5. Evaluering av karneval.

Det var godt oppmøte, barn og voksne koste seg! Veldig kjekt at dei nye 1.klassingane vart invitert. Me hadde nok mat, alle gassballongene vart solgt og pizzabollene var populære. Me kan eventuelt droppe underhaldninga ved seinare anledning. Dette forsvann litt i mengden og det var vanskelig å få med seg kva som skjedde og vanskelig å høre kva som vart sagt. Elles kunne kanskje nokon voksne stått for/gjennomført denne delen? Me hadde inntekter på 8.400kr og satt igjen med eit overskot på 3.300 kr.

6. Forslag til ny FAU-leiar?

Namn blir foreslått. Klassekontakt i 5. kl. får desse. Om ikkje ein får nokon av desse til å stilla så må ein ta for seg klasselistene og ringe alle.

7. Stort foreldremøte 5.juni

Me foreslår at FAU (Selma) lager invitasjon til foreldremøtet etter anbefaling frå FUG. Spør om foreldre til dei nye 1.klassingane og vert inviterte.

Kan skulen laga ein bildeframvisning?

Alle foreldra tek med seg kaffikopp, FAU lager kaffi og noko enkelt å bita i.

Me oppfordrer til at kvar husstand skal stilla med ein representant på møtet.

Klassekontaktane kan godt være litt aktive på sms i forkant for å prøve å få flest mulig til å stille på møtet.

Me ønsker at detta skal være et møte der ein ønsker dei nye foreldra til 1.klassingane velkommen, at ein får ein presentasjon av skulen, kva misjon og mål har skulen. Kva jobbar skulen mot, kva metodar brukar dei? Kva vil skulen bli god på? Satsingsområde, visjonar? Me ønskjer og at lærarane (og andre som jobbar ved skulen) skal være til stades og presentera seg sjølv og kva fag/klassar dei har.

Selma tar kontakt med Spurkeland om han vil holda foredrag, då får han velja tema sjølv.

Tidsskjema;

18.30 – 19.00 Bildeframvisning, sosialt samvær, kaffi og kake. (frivillig om ein vil komma til 18.30 eller om ein ikkje vil komma før kl 19.00)

19.00-19.15 Presentasjon av lærare og andre tilsette/vikarar ved Myking Skule.
Presentasjon av Myking Skule.

19.15-19.30 Nils informerer om heimeside, ressursar osv.

19.30 - ?? Foredrag med Spurkeland.

8. Neste møte

Det vert ikkje fleire FAU-møte i år.

9. Evt.

Selma informerer oss om leikehytta på e-post. Denne er bestilt og satt i produksjon. Ein må ta det opp på neste SU-møte når det er forventa at den er ferdig.

Hodnekvam 30.04.14

Ida Marie Nordahl